

Kontrollutvalet i Vang kommune

Saksbehandlar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2019-4

Stad og dato: Vang, 04.09.2019

Til

Møte 4/2019

Kontrollutvalet i Vang kommune

Bjørn Bjørneseth - leiar
Haakon Offergård Jevre - nestleiar
Jorun Karlsen - medlem

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET, VANG KOMMUNE

Vi kallar inn kontrollutvalet i Vang kommune til møte:

Onsdag 11.september 2019 kl.09.00 til 12.00 på Kommunehuset, Vang Kommune.

Forslag til dagsorden:

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Formell godkjenning og signering av møtebok 29.05.2019
- Neste møte 12.12.2019

Sakliste:

Sak 17/2019 Presentasjon med rådmann Erlend Haaverstad

Sak 18/2019 Budsjett for kontrollutvalet 2020

Sak 19/2019 Risikosamtale med KU, oppdatering av risiko- og vesentlegheitsvurdering

Sak 20/2019 Evaluering av kontrollutvalet 2015-2019

Forfall meldast så raskt som mogleg til sekretariatet, varamedlemmer møter ved særskild innkalling.

Vang, 04.09.19

For leiar i kontrollutvalet

Anne-Marte Før (*sign.*)
Kontrollutvalssekretariatet for Valdres

Kopi sendt: Ordførar og Kommunerevisjon IKS (møte- og talerett), rådmann og postmottak (til orientering).

Kontrollutvalet i Vang kommune

Saksbehandlar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2019-4

Stad og dato: Vang, 04.09.2019

SAKSLISTE

Sak 17/2019 Presentasjon av rådmann Erlend Haaverstad

Dokument i saka:

Ingen

Saksopplysningar:

Erlend Haaverstad vart tilset som rådmann i Vang kommune frå august 2019. Haaverstad er invitert til møte i kontrollutvalet for å introdusere seg sjølv og for å drøfte samarbeidet mellom kontrollutvalet og administrasjonen framover.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek introduksjonen frå rådmann Erlend Haaverstad til vitende og ser fram til eit godt samarbeid.

Sak 18/2019 Budsjett for kontrollutvalet 2020

Dokument i saka:

Ingen

Saksopplysningar:

- I følge forskrift om kontrollutval og revisjon skal kontrollutvalet utarbeide eit forslag til budsjett for arbeidet med kontroll og tilsyn i kommunen. Dette er jamfør både den gamle og den nye kommuneloven, §18 i eksisterande forskrift og kap.1 § 2 i forskrift som trer i kraft når kommunestyret konstituerer seg for ny valperiode i haust.
- Vedtatt budsjettforslag frå kontrollutvalet skal følgje innstillinga til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret, altså formannskapet si budsjettinnstilling til kommunestyret.
- Det er fyrste året kontrollutvalet i Vang kommune vedtek budsjett for sitt arbeid og det er enkelte postar som ikkje har klare erfaringstal, dette gjeld i sær forvaltningsrevisjon. Sekretariatet har difor samarbeidd med administrasjonen i arbeidet med forslag til budsjett for å gje ei mest mogleg realistisk oversikt over kontrollutvalet sine kostandar for 2020.
- Kontrollutvalet sitt budsjett skal innehalde kostnadene til sjølve utvalet, sekretariatstenestene, rekneskapsrevisjonen og forvaltningsrevisjon, her under revisor si deltaking i møter.
- Forslag til årsbudsjett for kontrollarbeidet 2020 i Vang kommune:

VANG KOMMUNE		
Kontrollarbeid 2020		
	MØTEVERKSEMD, UTVAL	
1	Møtegodtgjersle, 5 pers	20 000
	Leiargodtgjersle	8000
2	Mogleg tapt arbeidsforteneste	20 000
	Diverse	1000
	Møtemat og liknande	1000
	Skyss- og kostgodtgjersle	3000
	Kurs og opplæring	6000

Kontrollutvalet i Vang kommune

Saksbehandlar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2019-4

Stad og dato: Vang, 04.09.2019

	SEKRETARIAT	
3	Del av avtale	84 000
4	Del av ACOS	12 000
	REVISJON	
5	Forvaltningsrevisjon	125 000
	Revisor si deltaking i KU-møter	20 000
6	Rekneskapsrevisjon	250 000
	TOTAL	550 000

1. Kontrollutval lyt ha minimum 5 medlemmar etter ny kommunelov
2. Tapt arbeidsforteneste vil variere etter kven som kjem inn som medlemmar etter valet
3. Totalramme fordelt likt mellom dei 6 kommunane uavhengig av folketal
4. Årleg pris basert på tilbodet og lik fordeling mellom kommunane
5. Det finst ikkje gode erfaringstal knytt til forvaltningsrevisjon dei seinare åra, sidan kontrollutvalet har brukt mykje tid på rollefordeling og organisering av kontrollarbeidet. Anslått budsjetttramme heng saman med eit estimert tal forvaltningsrevisjonar innanfor ei valperiode.
6. Basert på erfaringstal

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet ber sekretariatet sende saka til kommunestyret og tilrår at kommunestyret vedtek fylgjande: Kommunestyret vedtek kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for arbeidet med kontroll og tilsyn 2020 med ei ramme på kr 550 000.

Sak 19/2019 Risikosamtale med KU, oppdatering av risiko- og vesentlegheitsvurdering

Dokument i saka:

2019-05-27-Risiko- og vesentlighetsvurdering – Diskusjonstema.pdf

Saksopplysningar:

- Når kontrollutvalet vedtok oppdatering av risiko- og vesentlegheitsvurdering for Vang kommune i sak 13/2019 bad dei særskild om at Kommunerevisjon IKS legg opp prosessen slik at kontrollutvalet aktivt deltek i arbeidet med analysen.
- Jamfør plan handsama i sak 13/2019 ynsker Kommunerevisjon IKS å gjennomføre risikosamtale med det sitjande kontrollutvalet.
- Kommunerevisjon IKS har utarbeidd eit hjelpedokument for gjennomføring av risikosamtalen, vedlagt saken. Dette dokumentet har eit generelt innhald og er ikkje knytt særskild til Vang kommune.
- Kommunerevisjon IKS deltek i saka og lei ar risikosamtala med kontrollutvalet. Kommunerevisjon IKS har også gjennomført spørjeundersøking gjennom e-post sendt til kommunestyrerepresentantar og administrativ leing, det førebels resultatet av denne vil bli presentert for kontrollutvalet i møte.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet ber Kommunerevisjon IKS ta innspel frå risikosamtalen med vidare i sitt arbeid med risiko- og vesentlegheitsvurdering for Vang kommune.

Kontrollutvalet i Vang kommune

Saksbehandlar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2019-4

Stad og dato: Vang, 04.09.2019

Sak 20/2019 Evaluering av kontrollutvalet 2015-2019

Dokument i saka:

Årsmelding KU VK 2016-Signert.pdf

Årsmelding KU Vang – signert.pdf

Årsmelding_2018_Kontrollutvalet_Vang_signert.pdf

Saksopplysningar:

- Ved overgangen til ny valperiode er det nyttig at kontrollutvalet evaluerer sitt eige arbeid for å dele erfaringane sine med det påtroppande kontrollutvalet.
- Jamfør årsplan for kontrollutvalet 2019 skal evaluering av eige arbeid utførast siste møte før nytt kontrollutval blir konstituert.
- Vedlagt saka ligg kontrollutvalets årsmeldingar for 2016, 2017 og 2018 for at utvalet lettare skal få oversikt over aktivitetane utvalet har utført i perioden.
- Følgande punkt for forslag til drøftingar:
 - *Mengd møter og møtelengde*
 - *Praktisk gjennomføring av møter*
 - *Saksutgreiingar, form og innhald*
 - *Samarbeid med kommunestyret*
 - *Samarbeid med administrasjon*
 - *Samarbeid med sekretariatet*
 - *Samarbeid med Kommunerevisjon IKS generelt*
 - *Opplæring, ved ny periode og undervegs*
 - *Orientering og informasjon om rekneskapsrevisjon, form og innhald*
 - *Risiko- og vesentlegheitsvurdering/Overordna analyse; prosess og resultat*
 - *Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll; prosess, bestilling, resultat*
 - *Nye retningslinjer og samarbeid med andre kontrollutval*
 - *Elles*
- Sekretariatet noterar ned konklusjonane av drøftingane i møte og set opp ein kortfatta evalueringsrapport.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet ber sekretariatet legge evalueringsrapporten fram for det påtroppande kontrollutvalet i løpet av hausten 2019.

Vang, 04.09.19.

Anne-Marte Før (sign.)

Kontrollutvalssekretariatet for Valdres